

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/21	Formannskapet	PS	18.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-A00, TI-&20	20/4419

### Oppnemning av mellombels utval for oppfølging av "Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021"

#### Vedlegg:

Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021 - utgreiing og tilråding

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet. Administrasjonen utarbeidar framlegg i tråd med mandatet.

#### Formannskapet - 037/21 - 18.03.2021

#### FS - behandling:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ikkje tilstades ved handsaminga av denne saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om formannskapet kan vera styringsgruppe mellombels.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein kan jobba administrativt med spørsmåla, og bruka formannskapet som styringsgruppe som ein rapporterer til. Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta dette.

Ordførar Per Lerøy sa at det må settast av tid i formannskapet til å jobba med saka.

Handsaming i formannskapet  
Samrøystes for nytt framlegg til vedtak

#### FS vedtak:

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet. Administrasjonen utarbeidar framlegg i tråd med mandatet.

#### Saksopplysninger:

## **Bakgrunn**

Kommunestyret handsama i sak 006/21 – 20.01.2021 «Slutthandsaming Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021».

Kommunestyret gjorde eit historisk og framtidsretta vedtak som set retning for Austrheimskulen i framtida. I kommunestyrehandsaminga gjorde kommunestyret følgjande tilleggsvedtak til innstillinga:

*«Det vert oppretta eit mellombels utval som skal jobba vidare med tilrettelegging og prioritering av tiltak i forhold til bygg, investering etc. Samansetning kan vera dels politisk, dels fagressursar, tilsette, ungdomsrådet/elevrepresentantar. Det vert utarbeidd eit mandat for utvalet som skal godkjennast av formannskapet.*

*Rådmannen kjem attende med ei sak om dette».*

Etter kommunelova §5-1 vert eit mellombels utval definert som eit folkevald organ, jmf. bokstav d og e. I § 5-7 «Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette uvalg for kommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. (.....) Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer».

Utvalet må i så høve leggja fram innstilling til kommunestyret innan 17. juni 2021.

### **Samansetning av utvalet**

Kommunelova § 7-2 omhandlar kven som er valbar og plikta til å ta imot val. Det er personar som er innført i folkeregisteret og som er busett i kommunen på tidspunktet for det aktuelle valet, som er valbar og han eller ho skal skriftleg ha samtykka til å stille til val.

Tilsette i administrasjonen kan ikkje veljast i kraft av tilsetjingstilhøve, men dersom ein tilsett i kommunen er busett og folkeregistrert i kommunen, kan vedkomande veljast som privatperson.

Som nemnd, må utvalet vere sett saman av minst 3 personar.

Valnemnda er dei rette til å eventuelt oppnemne og utpeike medlemmar til eit eventuelt utval.

### **Mandat**

Rådmannen er beden om å utarbeida mandat for utvalet. Mandatet til utvalet ligg i stor grad allereie i saksdokumenta for skulesaka. Prinsippa for framtidig skulebygg og ombygg er skildra i kapittel 7 og kapittel 8 i dokumentet «Austrheimskulen i framtida – Skulestruktur 2021» datert 03.november 2020. Denne gjev greie for kva areal ein må taka i vare, samt prinsippa for utforming/ombygging av skulebygningane. Samstundes ligg det mogleighetsstudie frå Norkonsult, samt innspel frå skulane som også må vurderast.

Del to av oppdraget er at det må også gjerast greie for og oversyn over inventar og utstyr som trengs i samband med ombygging og utbygging.

Del tre er plan for uteområda ved skulane. Det er gjennomført ein leikeapparatkontroll i desember 2020 som avdekka nokre punkt til forbetring, samt at nokre leikeapparat bør sanerast. Dette medfører at ein må, i samråd med elevråda og brukarane, sjå på investeringar til framtidig uteområde som fremjar leik, aktivitet og kreativitet.

Del fire er å leggje fram ei skisse til investeringskostnader som endeleg må vedtakast av kommunestyret. Investeringar kan ikkje gjerast før vi formelt er ute av ROBEK, venteleg juni/juli 2021. Eventuelle investeringar som må setjast i gang før, må nyttast av opparbeidd overskott for 2020 eller frigjort kapital gjennom sal av eigedom.

## **Vurdering**

Rådmannen vurderer at det er lite tenleg å opprette eit mellombels utval etter intensjonane i kommunestyrevedtaket, jmf. kommunelova §5-7. Dersom det vert oppretta eit mellombels utval, kan ikkje det vere samansett med tilsette i Austrheim kommune i den funksjonen at dei er tilsett, men kan oppnemnast som innbyggjar og er valbar. Rådmannen vurderer at eit slikt utval kan medføre ei forseinking av arbeidet og det må uansett gjennomførast interne prosessar med involvering frå brukarrepresentantar, verneteneste etc. i høve AML og andre forskrifter i samband med ei ombygging/utbygging.

Det kan evt oppnemnast ei styringsgruppe for prosjektet og at administrasjonen utarbeidar framlegg i tråd med mandatet, då saka må attende til godkjenning og vedtak i kommunestyret før det kan setjast i verk. Ei styringsgruppe kan vere formannskapet, evt at det vert ei eiga politisk oppnemnd styringsgruppe, med minimum 3 representantar.

Dersom ein ynskjer å gjere om på prinsippa som ligg til grunn for mandatet, må ein gjere om vedtaket ein vedtok i sak 006/21.

## **Konklusjon**

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.